



Leif Magne Jordal er ein av storfiskarane i Uskedalselva.

**Det har førebels ikkje vore nokon stor fiskesesong i Uskedalselva, men ein av dei som har fått storfangstar i elva før leiar i statistikken også i år.**

**Det er Leif Magne Jordal, til daglag postbud i Fyllingsdalen i Bergen, som har fått ein laks på 4,5 kilo.**

**Jordal har gjennom åra vore ein flittig fiskar i Uskedalselva, men i år har han vore her berre to gongar.**

Det har samanheng med at vassføringa har vore svært beskjeden. Jordal fekk laksen då det endeleg kom eit regnskyll.

For 3 år sidan fekk han ein laks på 10,22 kilo ovanfor Dønhaughølen, noko som var både årsrekord og personleg rekord.

Leif Magne har fiska i elva sidan han fekk hytte i Herøysund for 20 år sidan. Helst nyttar han wobbler og det gjorde han også få 10-kiloslaksen beit på i 2007. Men det gjorde han ikkje då han tok 'årets laks'.

Det har vorte teke ein god del aure sidan fiskestarten 1. juli, men få laksar og ingen verkeleg store. - Det er nok ikkje mykje fisk på elva no, seier Leif Magne.

Av Ola Matti Mathisen